



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7579 - 14/28214

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2014

## Uttale frå landbruk vedrørane bygging av tilbygg til bustadhus gbnr 151/3 Litleokse.

Det vert synt til brev frå dykk datert 19.11.2014, der de ber om uttale frå landbruksavdelinga i kommunen knytt til å tilbygg til bustadhuset på gnr.151 bnr.3. Uttalen er knytt til at det er eit generelt forbod i LNF sona mot tiltak som ikkje er naudsynt for landbruk og gardsbasert næringsverksemd (pkt.5.1. i føresegner til arealdelen av kommuneplanen), og ein ynskjer stadfesting av om tiltaket er naudsynt for landbruket.

Landbrukskontoret seier seg lei for at det har teke noko tid å svare på førespurnaden frå dykk. Nedanfor følgjer kontoret si vurdering av tiltaket:

### Opplysningar i saka:

Gnr.151 bnr.3 har eit samla areal på om lag 200da. Av dette er 24,4da fulldyrka jord, 9,6da overflatedyrka jord og 47,4da innmarksbeite. Det er og vel 110da drivverdig skog på eigedommen. Eigedommen har god driftsbygning og er i drift. Dei seinaste åra har drifta vore kjøtproduksjon på storfe.

Noverande eigar overtok eigedommen for nokre år sidan, og ynskjer no å utbetre bustadhuset og samstundes bygge ny dobbel garasje.

### Vurdering:

Godt bustadhus må sjåast som del av naudsynt bygningsmasse på eit gardsbruk. Det eksisterande huset er av eldre dato og tilbygget no skal løyse trongen for nytt og moderne bad samt eit ekstra soverom. Tilbygget skal samstundes gje plass til dobbel garasje. Tilbygget skal erstatte ein eldre garasje og eldre inngangsparti. Eksisterande bustadhus ligg tett ved vegen RV 404. Det er ein del trafikk på vegen. Ved tilbygget slik det er tenkt, vil framsida av huset med utsyn mot Seimsfjorden verte skjerma for trafikkstøy.

### Konklusjon:

Gnr.151 bnr.3 Litleokse er eit gardsbruk i drift. Det har gode ressursar og er i god hevd. Bruket har eldre bustadhus, og det må sjåast som naudsynt for at drift og busetting skal halde fram, at bustadhuset kan moderniserast og verte i samsvar med dei krava som vert stilt i dag.



Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakrar:**

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS